

NORDDAL KOMMUNE  
Kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

25.09.2017

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmann

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, 03.10.2017 kl. 14.30 på  
Stordal rådhus (Merk oppmøtestad)**

#### SAKLISTE:

- Sak 14/17 - Godkjenning av møtebok frå møte 27. juni 2017
  - « 15/17 - Val av revisor for Fellesnemnda
  - « 16/17 - Vedkomande budsjett for Norddal kontrollutval 2018
- Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 45 91 48 52 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Gudmund Relling  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
NORDDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 27. juni 2017  
Møtestad: Rådhuset kl. 14.00

Møtet vart leia av: Gudmund Relling.

Elles til stades: og Turid Aspehjel og Paul Fredriksen

**= 3 voterande**

Solveig Linge Stakkestad hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.  
Frå Norddal kommune møtte ordførar Arne Sandnes og rådmann Tor Helge Stavdal..

**SAK 12/17  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 15. MAI 2017**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 15. mai 2017 blir godkjent.

**SAK 13/17  
TILSYNSRAPPORT FRÅ ARBEIDSTILSYNET, OPPFØLGING AV SAK 03/17 OG 10/17**

Saksdokument datert 20.06.2017 frå kontrollutvalsekretariatet.

Rådmannen orienterte om den generelle delen av rapporten og status for overhalding av fristar. Kommunen lagar no ei personalhandbok som skal dokumentere intern kontroll og rutinar. Det skal lagast årshjul og ein plan for å løyse det som ikkje er bra nok i dag. Arbeidstilsynet sin frist er 1. juli 2017. Det er rekna med tilsvar frå Arbeidstilsynet i veke 26. Rådmannen forventar lukking av avvik. Han utelukkar ikkje eit oppfølgande tilsyn seinare.

Ordfører orienterte om den delen av rapporten som omhandla påstandar om trakassering. Ordfører og andre politikarar tek del i klageundersøking og faktaundersøking. Det er gitt høve til kontradiksjon. Det skal lagast ein skriftleg rapport. Frist som Arbeidstilsynet har sett er 1. november 2017.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har i tre møte blitt grundig informert. Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka når endeleg rapport ligg føre.

Gudmund Relling  
leiar  
(sign.)

Turid Aspehjel  
medlem  
(sign.)

Paul Fredriksen  
varamedlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget i  
Norrdal kommune

Dato: 25.09.2017

**SAK 15/17  
VAL AV REVISOR FOR FELLESNEMNDA**

Når det er gjort vedtak om samanslåing av to eller fleire kommunar skal fylkesmannen snarast mogleg kalle saman til eit felles møte med dei aktuelle kommunestyra.

På slike møte skal følgjande saker drøftast.

- a) Forslag til namn på den nye kommunen
- b) Talet på medlem i det nye kommunestyret
- c) Kriterium for for samansetting av og funksjonar til Fellesnemnd etter § 26 I inndelingslova
- d) Val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- e) Opprette eventuelle andre fellesorgan for sikre gjennomføringa av samanslåinga

Denne saka skal omhandle val av revisor for Fellesnemnda. i dei to aktuelle kommunane Nordal og Stordal kommune har i dag felles revisor. Det synest ikkje å vere nokon grunn for at revisjon av fellesnemnda si verksemd ikkje skal bli utført av kommunane sin revisor. Når det gjeld den folkevalde kontrollen med verksemda, bør den ligge til den enkelte kommune sitt kontrollutval.

Val av revisor skal skje i dei respektive kommunestyra. Det er tilrådd at dette skjer etter instilling frå kontrollutvala.

På bakgrunn av ovanståande blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**Innstilling:**

Kommunerevisjonsdistrikt nr.3 i Møre og Romsdal blir valgt til revisor for verksemda i Fellesnemnda for kommunane Norrdal og Stordal.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Norrdal kommune

Dato: 25.09.2017

**SAK 16/17  
VEDKOMANDE BUDSJETT 2018 - NORDDAL KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjettramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Norrdal kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i <sup>Norrdal</sup> Stranda kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at so mange som mulig deltek.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 30.000,00.

Harald Rogne  
dagleg leiar